



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Samnanger kommune
Møtestad:	Fjernmøte - telefonmøte Tlf. 57 99 29 99 - Konferanse-ID 231905#
Dato:	14.04.2020
Tid:	14:00

For å avgrense spreiring av Covid-19 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vedteke ei førebels forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommunar og fylkeskommunar. Forskrifta er vedlagt innkallinga som referatsak.

På bakgrunn av dette skal møtet i kontrollutvalet i Samnanger kommune 14.04.2020 gjennomførast som eit telefonmøte.

For å delta i telefonmøtet ringer du 57 99 29 99 og slår inn konferanse-ID 231905#.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Einar Ulla tlf. 971 90 734 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Einar Kåre Ulla møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Arild Røen

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 4/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 5/20	Godkjenning av møteprotokollar frå møta i kontrollutvalet 06.03.2020 og 12.03.2020	2019/94	
	Politiske saker		
PS 11/20	Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune - status i arbeidet med undersøkingar omkring varselet	2020/110	
PS 12/20	Årsmelding kontrollutvalet 2019	2020/128	
PS 13/20	Val av revisor for Samnanger kommune - tilråding frå kontrollutvalet	2020/78	
	Referatsaker		
RS 4/20	FKT - Informasjon om midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner 2020	2019/28	
RS 5/20	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon mars 2020	2019/28	
RS 6/20	Kontrollrapport 2019 frå Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune	2019/101	
	Politiske saker		
PS 14/20	Eventuelt	2020/79	

Godkjenningssaker

GK 4/20 Godkjenning av innkalling og sakliste



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/94-3
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	5/20	14.04.2020

Godkjenning av møteprotokollar frå møta i kontrollutvalet 06.03.2020 og 12.03.2020

Møteprotokollar frå møta i kontrollutvalet 06.03.2020 og 12.03.2020 er lagt ved saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 06.03.2020
- 2 Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 12.03.2020



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Samnanger kommune
Møtestad:	, Biblioteket på Bjørkheim
Dato:	06.03.2020
Tid:	13:00 – 16:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arild Røen	Leiar	H
Terje Hoseth Næss	Nestleiar	KRF
Silvana Amaral Da Silva	Medlem	BL
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Anne Tandstad	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Knut Harald Frøland	Ordførar
Charlotte Hageberg	Rådmann (PS 1 – 5/20)
Nina Erdal	Økonomisjef (PS 1 – 5/20)
Kjersti Gjuvslund	Forvaltningsrevisor Deloitte (PS 1 – 5/20)
Annbjørg Ryssdal	Forvaltningsrevisor Deloitte (PS 1 – 5/20)
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar Vestland fylkeskommune

Arild Røen
utvalsleiar

Einar Ulla
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.12.2019	2019/94	
	Politiske saker		
PS 1/20	Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen	2018/7	
PS 2/20	Rapport etter interimrevisjon 2019 - bruk av alenefullmakt og fordringer eldre enn 6 måneder - orientering frå rådmannen	2014/240	
PS 3/20	Forvaltningsrevisjon av innkjøp - handlingsplan	2017/107	
PS 4/20	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte 1	2019/96	
PS 5/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte 1	2019/97	
PS 6/20	Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2020	2020/76	
PS 7/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/98	
PS 8/20	Eventuelt	2020/79	
PS 9/20	Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Samnanger kommune – Arbeidsmøte	2020/78	
	Referatsaker		
RS 1/20	Program - Fagkonferanse Kontroll og Tilsyn 2020 i regi av FKT	2019/28	
RS 2/20	Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon desember 2019	2019/28	
RS 3/20	Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon februar 2020	2019/28	

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Møteinnkalling vart sendt ut 28.02.20 via e-post. Innkallinga er også lagt ut på kommunen si heimeside Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 2/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.12.2019

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.12.2019 er lagt ved saka

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Det kom ingen merknadar til møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.12.19

Vedtak

Møteprotokollen frå møte i kontrollutvalet 11.12.19 vart samrøystes godkjent

Politiske saker

PS 1/20 Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem til møte i mai 2020 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ifm. innføring av ny personvernlov.

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Rådmannen orienterte om pågåande arbeid med personvernforordninga og GDPR. Vedlagt saka ligg det som vart orientert om i saka i desembermøte - frå rådmannen, notat av 03.12.2019.

Det kom fram forslag til endring av oppfølging til hausten 2020.

Forslag til vedtak med endringsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem til eit møte hausten 2020 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ifm. innføring av ny personvernlov. Sekretariatet kallar rådmannen inn til aktuelt møte.

PS 2/20 Rapport etter interimsrevisjon 2019 - bruk av alenefullmakt og fordringer eldre enn 6 måneder - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Økonomisjefen orienterte om funna etter interimsrevisjonen gjeldande bruk av alenefullmakt og fordringer eldre enn 6 måneder i møtet.

Vedtaket i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tok orienteringa frå økonomisjefen til vitande.

PS 3/20 Forvaltningsrevisjon av innkjøp - handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vil takke for det arbeidet som er gjort og vel med dette å lukke saka.

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Informasjonen frå rådmannen, relatert til punkt 5 - Syte for at rutinar og retningsliner for innkjøp er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar kunne innehalde informasjon unnateke offentleg jf. Offl, § 13 jf. Forvl. § 13. Møtet vart derfor lukka med heimel i kommunelova § 11-5 under behandling av denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vil takke for det arbeidet som er gjort og vel med dette å lukke saka.

PS 4/20 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Prosessmøte 1 vart gjennomført med Deloitte som fasilitator. Kontrollutvalet fekk i møtet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

Det vart nytta eit «risikospel» med oversikt over dei ulike tenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker fekk kontrollutvalsmedlemmane høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

PS 5/20 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande eigarskapskontroll så langt til orientering.

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Prosessmøte 1 vart gjennomført med Deloitte som fasilitator. Kontrollutvalet fekk i møtet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine eigarskap til selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

Det vart nytta eit «risikospel» med oversikt over dei ulike eigarskapa til kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker fekk kontrollutvalsmedlemmane høve til å vurdere risiko knytt til ulike eigarskapsutfordringar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande eigarskapskontroll så langt til orientering.

PS 6/20 Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2020:
 - 06.03.2020
 - 15.04.2020
 - 19.05.2020
 - 30.09.2020
 - 18.11.2020

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Det er teke omsyn til møta i andre politiske organ ved utarbeiding av forslag til møteplan. Det er spesielt teke omsyn til møta i kommunestyret. Utvalet diskuterte seg fram til vedtaket til møteplan.

Utvalt bestemte at møtestart vert kl. 14.00, og at møtedagane vart endra frå onsdag til måndag.

Vedtaket i saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2020:
 - 06.03.2020
 - 14.04.2020
 - 19.05.2020
 - 28.09.2020
 - 16.11.2020

PS 7/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering

PS 8/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Samnanger kommune ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte.
2. Eventuelsaka erstattar tidlegare referatsak om utvalet sitt kvarter.

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Vedr. pkt. 1 og 2

Kontrollutvalet vil med eventuelsaka få ei sak der utvalsmedlemmane kan fremje saker til utvalet.

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Vedr. pkt. 3

Leiar i utvalet orienterte om mottatt brev vedr. administrasjonen i Samnanger kommune si handtering av budsjettmidlar ved kjøp av juridiske tenester frå advokatkontoret Stiegler.

Vedr. pkt. 4

Kontrollutvalsleiar orienterte om mottatt varsel frå tilsette i Samnanger kommune.

Møtet vart lukka etter kommunelova § 11-5 under orienteringa under pkt. 4 då orienteringa inneheld personalmessig informasjon unnateke offentleg jf. offl.13, jf. forvl. § 13.

Vedtak i saka og avgjerd om å lukke møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Samnanger kommune ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte.
2. Eventuelsaka erstattar tidlegare referatsak om utvalet sitt kvarter.

3. Når det gjeld henvending i brev vedr. administrasjonen i Samnanger kommune si handtering av budsjettmidlar ved kjøp av juridiske tenester frå advokatkontoret Stiegler, konkluderer utvalet med at dette ikkje er ei sak for kontrollutvalet.
4. Kontrollutvalet vedtok at mottatt varsel, som leiar i utvalet orienterte om, ikkje er sak for kontrollutvalet..

PS 9/20 Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Samnanger kommune - Arbeidsmøte

Forslag til vedtak

Arbeidsmøte utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Sekretariatet la i møtet fram forslag til evaluering for kontrollutvalet. Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl.13, jf. forvl. § 13. Møtet vart difor lukka med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

På bakgrunn av denne presentasjonen gjorde utvalet ei vurdering av tilboda. Resultatet av arbeidsmøtet vil danne grunnlag til innstillinga til kommunestyret, som skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Vedtaket i saka og vedtaket om lukking av møtet under behandling av saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet vurderte evalueringa frå sekretariatet som eit godt grunnlag til vidare arbeid til sak i neste møte.

Referatsaker

RS 1/20 Program - Fagkonferanse Kontroll og Tilsyn 2020 i regi av FKT

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Vedtaket i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 2/20 Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon desember 2019

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Vedtaket i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 3/20 Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon februar 2020

Saksprotokoll i 06.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Vedtaket i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Samnanger kommune
Møtestad:	Biblioteket på Bjørkheim
Dato:	12.03.2020
Tid:	14:00 - 15:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Anne Tandstad	Medlem	SP
Arild Røen	Leiar	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Hoseth Næss	Nestleiar	KRF
Silvana Amaral Da Silva	Medlem	BL

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arne Jørgensen	Terje Hoseth Næss	BL
Bjarne Hauge	Silvana Amaral Da Silva	KRF

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Knut Harald Frøland	Ordførar
Birte Bjørkelo	Partner Deloitte AS
Einar Ulla	Seniorrådgjevar i Vestland fylkeskommune (Deltok via telefon)
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar i Vestland fylkeskommune

Arild Røen
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
	Politiske saker		
PS 10/20	Varsel om arbeidstilhøve i Samnanger kommune	2020/110	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 12.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Møteinnkalling vart sendt ut 11.03.20 via e-post. Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Politiske saker

PS 10/20 Varsel om arbeidstilhøve i Samnanger kommune

Forslag til vedtak

Saka blir lagt utan tilråding til vedtak.

Saksprotokoll i 12.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Utvalseiar opna møte og forklarte at det var ei sak til dette møte.

Medlem Anne Tandstad reiste spørsmål om ho var habil i saka, grunna at ho for ei tid tilbake har vore involvert i denne saka.

Ut frå det som kom fram av informasjon frå medlem Anne Tandstad, vedtok kontrollutvalet samrøystes at Anne Tandstad var inhabil i behandling av denne saka.

Anne Tandstad gjekk frå møtet i behandling av saka.

Møtet vart etter dette lukka med heimel i kommunelova § 11-5, då det med stort sannsyn ville kome fram personalmessige opplysningar i møtet som er unntatt offentleg jf. Offl. § 13 jf forvl. § 13.

Varselet vart utdelt i møte, og samla inn att ved møteslutt.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte ut i frå det som kom fram av varselet og det som kom fram av diskusjonen i møtet, kartlegge bakgrunnen for varselet.
2. Deloitte blir bedt om å utarbeide ein prosjektplan for arbeidet, og sende denne til sekretariatet så snart den er ferdig.
3. Utvalseiar får i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
4. Deloitte blir vidare bedt om å orientere om status for arbeidet i neste møte (14.04.20) i kontrollutvalet.

Politiske saker

PS 11/20 Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune - status i arbeidet med undersøkingar omkring varselet



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/110-7
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	11/20	14.04.2020

Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune - status i arbeidet med undersøkingar omkring varselet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek statusrapporten frå Deloitte til orientering.

Samandrag

I varslingsrutinane for Samnanger kommune står det at kontrollutvalet v/leiar kan varslast. Leiar i kontrollutvalet har motteke eit varsel, og kontrollutvalet har engasjert Deloitte for å gjere undersøkingar om bakgrunnen for varselet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg
1 Prosjektplan

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalsleiar og ordførar mottok varsel på arbeidstilhøva i Samnanger kommune torsdag 5. mars. Leiar orienterte utvalet om dette varselet i møte dagen etter. Leiar diskuterte oppfølging av varselet med ordførar, og kom, etter samtale med sekretariatet, til at kontrollutvalet bør engasjere revisor for å få gjennomført kontroll/revisjon av motteke varsel. Utvalet og revisor vart innkalla til møte torsdag 12. mars kl. 14.00 for å drøfte saka, og for å få på plass ei bestilling til revisor. Varselet vart utdelt på møtet, og samla inn etter møtet.

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 11-5 ved behandling av saka, då det kom fram personalmessige opplysningar i møtet som er unntatt offentleg jf. Offl. § 13 jf forvl. § 13.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 12.03.2020:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte ut i frå det som kom fram av varselet og det som kom fram av diskusjonen i møtet, kartlegge bakgrunnen for varselet.*
2. *Deloitte blir bedt om å utarbeide ein prosjektplan for arbeidet, og sende denne til sekretariatet så snart den er ferdig.*
3. *Utvalsleiar får i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.*
4. *Deloitte blir vidare bedt om å orientere om status for arbeidet i neste møte (14.04.20) i kontrollutvalet.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet jf. Kommunelova § 23-2 og varslingsplakat for Samnanger kommune pkt. 7

Vurderingar og verknader

Deloitte stiller på møtet 14.04.2020 for å orientere kontrollutvalet om status i arbeidet med dei undersøkingar som er gjort greie for i prosjektplanen (Vedlagt offentleg versjon). Kontrollutvalet får i møtet høve til å stille spørsmål til revisor vedr. framdrift, innhald i undersøkingane etc.

Konklusjon

Deloitte har sett igang arbeid med undersøkingar om bakgrunn for varselet mottatt 5. mars om arbeidstilhøve i Samnanger kommune. Kontrollutvalet vil i møtet få høve til avklaringar av framdrift, innhald i arbeidet etc.



Undersøking | Samnanger kommune

Bakrunn for varsling

Mandat/engagement letter

Mars 2020

«Bakgrunn for varsling»

Mars 2020

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1. Føremål og mandat	4
2. Metode og leveranse	5
3. Tid og ressursbruk	6

1. Føremål og mandat

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i Samhanger kommune utarbeidd eit forslag til mandat for ei kartlegging av bakgrunn for eit varsel som er overlevert kommunen. I Samnanger kommune er kontrollutvalet formelt ein av varslingskanalane, og kontrollutvalget har i denne saka blitt bedt av ordførar om å følgje opp varselet.

Varsling etter arbeidsmiljølova skjer når ein arbeidstaka melder frå om ulovlige eller kritikkverdige forhold i verksemda. Kritikkverdige forhold er forhold som er i strid med rettsregler, skriftlige etiske retningslinjer i verksemda eller etiske normer som det er brei tilslutning til i samfunnet. «Uforsvarlig arbeidsmiljø» er eit eksempel på kva det kan varslast om. «Uforsvarlig arbeidsmiljø», viser til det generelle arbeidsmiljøkravet i arbeidsmiljølova § 4-1:

«Arbeidsmiljøet i virksomheten skal være fullt forsvarlig ut fra en enkeltvis og samlet vurdering av faktorer i arbeidsmiljøet som kan innvirke på arbeidstakernes fysiske og psykiske helse og velferd. Standarden for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø skal til enhver tid utvikles og forbedres i samsvar med utviklingen i samfunnet.»

Arbeidsgjevar pliktar å sørge for at eit varsel blir tilstrekkeleg undersøkt. Det er arbeidsgjevar som er pliktsubjekt etter varslingsreglane og som er rettsleg forplikta til å sørge for at varselet blir følgt opp på ein adekvat måte¹. Det kan nyttast eksterne aktørar til å gjennomføre ei slik undersøking. Arbeidsmiljølova gir ikkje ei konkret oppskrift på korleis eit varsel skal sakhandsamast, men den gir likevel nokre føringar. Lova sier mellom anna at:

- Varselet skal følgjast opp innan rimeleg tid,
- Varselet skal undersøkast tilstrekkeleg

Det er ikkje sett kvalitative eller kvantitative krav til ei slik undersøking i arbeidsmiljølova. Det er i staden lagt til grunn at arbeidsgjevar må vurdere konkret i den enkelte sak kva som vil vere tilstrekkelege undersøkingar for å avklare varselet sitt innhald. Kor grundig undersøkinga skal gjerast må vere tilpassa det varselet gir grunnlag for, jf. Prop. 74 L (2018–2019).

Revisjonen har fått i oppgåve av kontrollutvalet å undersøke varselet i form av ei forundersøking/kartlegging.

1.2 Revisjonen si oppgåve

Føremålet med undersøkinga er å avklare nærare bakgrunnen for og grunnlaget for varselet. Noko som kan skildrast som ei *forundersøking*. Revisjonen skal i første omgang ikkje konkludere med omsyn til varset sitt innhald. Det er i utgangspunktet lagt opp til ei brei kartlegging, før ein vurderer om dette er tilstrekkeleg for å gjere ei vurdering eller om ein må undersøke nokre sider ved saka ytterlegare. Denne vurderinga vil leggest fram for kontrollutvalet slik at utvalet kan beslutte om det skal gjerast ytterlegare undersøkingar.

I første omgang ønsker kontrollutvalet at revisjonen skal kartlegge kva som er oppfatninga til dei ulike partane i saka rundt det som det er varsla om.

¹ <https://www.nkrf.no/nyheter/2020/02/28/varsling-har-kommunerevisjonen-en-rolle>

2. Metode og leveranse

2.1 Dokumentgjennomgang

Revisjonen vil gå igjennom retningslinjer for varsling i kommunen, sjølve varslinga og anna dokumentasjon som er viktig for å få meir informasjon om bakgrunnen for varselet.

2.2 Intervju

Intervju vil vere hovedkjelda for informasjon. Vi vil intervjuje partar som kan medverke til å belyse forholda det er varsla om. Dette vil i første omgang vere:

- [Redacted]
- Varslarar
- [Redacted]
- [Redacted]
- [Redacted]
- [Redacted]
- [Redacted]
- [Redacted]

Intervjua vil i hovudsak gjennomførast på telefon/video. Om nokon ønskjer å ha med seg ein person i intervjuet vil det vere greit. Det vil bli skrive referat frå intervjua som den enkelte får høve til å verifisere. Det er dei verifiserte referata som vil bli lagt til grunn for rapporten.

2.3 Verifisering og uttale

Utkast til rapport frå undersøkinga vil bli sendt for verifisering og kontradiksjon. I samband med utarbeiding av dette utkastet og verifisering vil det bli teke omsyn til reglar for taushetsplikt (jf, arbeidsmiljølova, forvaltningslova og offentleglova).

3. Tid og ressursbruk

3.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. Teamet består elles av Kari Gåsemyr (senior manager) og Lina Hamre (senior konsulent). Stein Ove Songstad (partner) er jurist med særleg kompetanse knytte til arbeidsmilølov og varsling, og vil bli nytta som ein ekspertressurs i oppdraget. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningsliner, samt med nødvendig kompetanse og erfaring.

3.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt omlag **169 timar** å gjennomføre prosjektet. Revisjonen vil understreke at det er vanskeleg å estimere tida i dette prosjektet ettersom det kan dukke om fleire partar som må involverast og det kan vere spørsmål som må undersøkast nærare for å få til ei forsvarleg undersøking. Dersom dette skjer vil vi ta opp med kontrollutvalet undervegs for vurdering og eventuell godkjenning.


	Tal timar	Veke
Oppstart av undersøking	4	13
Oppstart meldast til rådmann, varslarar og den der er varsla på vegner av. Det vil bli førespurt dokumentasjon som er naudsynt for å gjennomføre undersøkinga	4	13/14
Gjennomgang av dokumentasjon og detaljplanlegging av undersøkinga, og kven som må intervjuast	16	14/15
PÅSKE		15
Førebuing, gjennomføring og referatføring av intervju med omlag 9-10 personar.	60	16
Løypemelding til kontrollutvalet	2	16
Verifisering av intervju	16	17/18
Utarbeide rapportutkast	45	18/19
Verfisering/kontradiksjon	10	19/20
Rapport sendast til kontrollutvalet	2	20
Prosjektadministrasjon og kvalitetssikring undervegs	10	IA
Til saman	169 timar	

3.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere veke 13 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet i veke 20. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen og alle involverte sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalte personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med gjeldande avtale med Samnanger kommune.

Bergen, 25. mars 2020



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarlig partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/128-1
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	12/20	14.04.2020

Årsmelding kontrollutvalet 2019

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet 2019.

Samandrag

Årsmeldinga frå kontrollutvalet er ein del av utvalet si rapportering til kommunestyret.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeidd forslag til kontrollutvalet si årsmelding for 2019. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva utvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Vedtakskompetanse

Kommunestyret.

Vurderingar og verknader

Føremålet med årsmeldinga skal vera å melde tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatane av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side, og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak, slik det og har vore gjort dei siste åra.

Konklusjon

Det blir på bakgrunn av dette tilrådd at utvalet legg fram årsmelding for kontrollutvalet for 2019 til godkjenning i kommunestyret.



Samnanger kommune

Kontrollutvalet

ÅRSMELDING 2019

FOR KONTROLLUTVALET I

SAMNANGER KOMMUNE



1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

I reglement for kontrollutvalet, som vart vedteke i kommunestyret 25.09.13, saman med reglement for dei andre politiske utvala i kommunen, står det om føremål og oppgaver:

«Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hos kommuneadministrasjonen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.»

I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet har vore slik samansett i førre valperiode, fram til hausten 2019:

<u>Medlemmer:</u>	<u>Vararepresentant for Ap, H, Krf og Mdg:</u>
Bright Olav Gåsdal (Ap) – leiar	1. Gisle Gardar Øye (H)
Vibeke Bohre Våge (H) - medlem	2. Shirin Kvernes Kadoor (Ap)
	3. Bjarne Hauge (Krf)
	<u>Vararepresentant for BI, Frp og Sp:</u>
Anne Tandstad (Sp) – nestleiar	1. Evelyn Frøland (BI)
Øystein Foss (BI) - medlem	2. Roy Ove Eikedal (Sp)
Svein Verner Røseth (Frp) medlem	3. Tor Henning Grønlien (BI)
	4. Marion Langhelle Pedersen (Frp)

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet vera medlem av kommunestyret. Bright Olav Gåsdal er kommunestyremedlem.

Kontrollutvalet for perioden 2019 - 2023 er slik samansett:

<u>Medlemmer:</u>	<u>Vararepresentant for Ap, H og Mdg:</u>
Arild Røen (H) – leiar	Liv Berit Kvernes Befring (Ap)
	Marijke Strømmen (Mdg)
	Kjell Roar Norvik (H)
	<u>Vararepresentant for BI, Frp, Sp og Krf:</u>
Terje Hoseth Næss (Krf) – nestleiar	Annette Espelid (BI)
Anne Gerd Tandstad (Sp)	Audun Johannes Yndestad (Frp)
Svein Verner Røseth (Frp)	Arne Jørgensen (Sp)
	Bjarne Hauge (Frp)
	Dag Nydal (BI)
	Helene Mjelde Foss (BI)

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2019

- Kontrollutvalet hadde 5 møter, og handsama 59 saker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på dei fleste møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å orientera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå § 20 i Forskrift om kontrollutvalg - «Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget har sekretærbistand som til enhver tid tilfredstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og et utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen. Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens administrasjon.»

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger kommune. Helge Inge Johansen har utført sekretæroppgaver på kontrollutvaldsmøta.

Forutan å vera sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune yter også sekretariatet sekretariatstenester til kontrollutvala i desse kommunane: Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Fitjar, Askøy og Vaksdal. Frå 2017 har sekretariatet og utført sekretærtenester for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

5 Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med, og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak. Deloitte AS er revisor for Samnanger kommune. Noverande avtale gjeld fram til og med 30.06.2020. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar.

Fram til hausten 2017 var partner Bjarne Ryland ansvarleg revisor. Partner Unni-Renate Moe er no ansvarleg revisor for kommunen. I tråd med regelverket har revisor lagt fram for kontrollutvalet eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune.

6 Arbeid med forvaltningsrevisjon.

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

Plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken i kommunestyremøte 15.12.2016.

6.1 Gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I forskrift for kontrollutval står det at «*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.*»

6.2 Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning

Kontrollutvalet valde nytt prosjekt etter gjeldande plan for forvaltningsrevisjon 2016 -2020, vedteke i kommunestyret 15.12.2016. Arbeidet med denne forvaltningsrevisjonsrapporten, vart bestilt i møte 04.02.2019. Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 11.12.2019, PS 51/19, der det vart gjort slik innstilling til kommunestyret:

«*På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Tilpassa opplæring og spesialundervisning i Samnanger kommune ber kommunestyret rådmannen syta for å:*

- 1. Vurdere kva tiltak som bør setjast i verk for å sikra at også elevar med svakare og sterkare læreføresetnader enn gjennomsnittet får ei tilpassa opplæring.*
- 2. Sikre at elevar på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skrivning eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventna progresjon blir nådd.*
- 3. Sikre at prosessar knytt til utprøving av tiltak innanfor den ordinære undervisningssituasjonen i minst mogleg grad er personavhengige, til dømes gjennom rettleiande og kompetansehevande tiltak retta mot undervisningspersonalet.*
- 4. Sikre at skulane i kommunen har ein innarbeidd framgangsmåte for korleis lærarane som ein del av undervegsvurderinga systematisk og løpande skal vurdere om elevane har tilfredstillande utbytte av opplæringa, samt vurderer å tydeleggjere dette kravet gjennom felles rutinar.*
- 5. Gjennomgå og justerer rutinar og malar som skal nyttast i sakshandsaminga og i samband med gjennomføring og evaluering av spesialundervisning, slik at desse er i samsvar med regelverket og bidrar til å sikre at krav i regelverket blir etterlevd (jf. revisjonen sine vurderingar i 5.3.2).*
- 6. Sikre at sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning er i samsvar med krav i opplæringslova og forvaltningslova (jf. revisjonen sine vurderingar i kapittel 5.4.2).*
- 7. Sikre at alle elevar får gjennomført den spesialundervisninga dei har vedtak om, og at IOPar alltid byggjer på eit gyldig enkeltvedtak om spesialundervisning for eleven.*
- 8. Sikre korrekt GSI-rapportering.*
- 9. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2020 som visar kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Rapporten vart lagt fram for kommunestyremøte 05 mars 2020.

6.3 Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Forvaltningsrevisjon av «Internkontroll i Samnanger kommune».

I 2014 vart det vedteke å gjennomføra forvaltningsrevisjon om Internkontroll. Arbeid med gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vart utført på slutten av 2014 og første halvår 2015. Rapport etter arbeidet vart lagt fram for kommunestyret i møte 14.10.15.

